



SENTRUMSANALYSE SANDANE

SENTRUMSANALYSE FOR SANDANE

Oppdragsnr.

5144367

Leveranse,

2015

ARBEID UTFØRT AV:

Lina Marie Ørnehaug,

oppdragsleiar/samfunns- og arealplanleggjar, prosessleiar

Torbjørn Sivertsen,

sivilarkitekt og planleggjar

Anne Irgens,

landskapsarkitekt MNLA



INNHOLD

1	SENTRUMSANALYSE FOR SANDANE	6
2	PROSESS OG MEDVERKNAD	8
3	TETTSTADFORMING OG SENTRUMSUTVIKLING	10
3.1	NATURLEGE FØRESETNADER FOR STADEN	11
3.2	HISTORISK UTVIKLING AV STADEN	12
3.3	AREALBRUK I SANDANE SENTRUM	15
3.4	FUNKSJONELLE SAMANHENGAR	18
3.5	MØTEPLOSSAR OG GRØNSTRUKTUR	20
3.6	VER-VARSAM OMRÅDE	24
3.7	STERKE SIDER VED SANDANE SENTRUM	25
3.8	SVAKE SIDER VED SANDANE SENTRUM	26
4	UTVIKLING AV TO FRAMTIDSBILETE FOR SENTRUMSOMråDET PÅ SANDANE	27
4.1	FRAMTIDSBILETE MED FOKUS PÅ HANDEL/NÆRING OG BUSTAD I SENTRUM	28
4.2	FRAMTIDSBILETET MED FOKUS PÅ BUSTAD OG GRØNT I SENTRUM	31
5	SMÅ OG STORE GREP	35
6	OPPSUMMERING	36

1 SENTRUMSANALYSE FOR SANDANE

Norconsult har fått i oppgåve å utarbeide ei sentrumsanalyse for Sandane sentrum. Sentrumsanalyse skal bidra til å nå målsetjinga i kommuneplanen om styrke Sandane som eit handels- og kultursentrum. Ikkje berre for innbyggjarane i Gloppen, men og for den nære regionen. Analysen syner alternative mogelegheiter, gjennom framtidsbilete, for å skape eit sentrum med ein tydeleg identitet som fremjar aktivitet for alle. Det eine framtidsbiletet er tufta på næring og handel i sentrum, og det andre er tufta på bustad og grøntareal. Felles for dei to framtidsbileta er å konsentrere aktivitet og å skape tydelege felles byrom.

Det er lagt særskilt vekt på medverknad av både barn, ungdom og vaksne i dette arbeidet. Kommunen har invitert til å open dialog med ulike brukarar av sentrum; interesseorganisasjonar, næringslivet, ungdommar etc. Saman med ei lokal arbeidsgruppe har Norconsult arbeidd fram to framtidsbilete for utvikling av Sandane sentrum. Framtidsbileta er tufta på kjent kunnskap, innspel frå ulike aktørar, innspel frå barn og unge og faglege vurderingar som er gjort undervegs. Det er eit ynskje at dei som har vore med i prosessen, skal kjenne seg att i arbeidet med dei to framtidsbileta mot slutten av prosessen.



Bilete 1: Sandane sentrum, sett frå E-39

STUDIEOMRÅDE

Sentrumsanalysen omfattar sjølve sentrumskjerna i lag med sentrumsskulane og Trivselshagen. Området grensar mot museumsområdet i aust. Frå Trivselshagen følgjer den nordlege områdeavgrensinga Firdavegen opp mot Nordstrandsvegen, medan analysen i sør omfattar naustområdet og utbygginga langs Gotavegen mot skulane.

ORGANISERING AV ARBEIDET

Arbeidet har frå Gloppen kommune vore leia av samfunnsutviklar, Beate Korneberg. Oppdragssleiar frå Norconsult har vore, Lina M Ørnehaug. I tillegg har det vore engasjert ei lokal arbeidsgruppe som har vore drøftingspartner underveis.

Arbeidsgruppe:

Beate Kornberg, samfunnsutviklar Gloppen kommune

Bjørn Aurlien, arealplanleggjar Gloppen kommune

Jan Kjetil Øygard, kultursjef Gloppen kommune

Kjell Petter Solhaug, teknisk sjef Gloppen kommune

Knut Roger Nesdal, næringssjef

Sverre Norvald Folkestad, rektor Sandane barneskule/ leiar i sogelaget i Gloppen

Audun Mundal, næringslivsleder Gloppen



PROSESS OG MEDVERKNAD

Ein viktig del av arbeidet med sentrumsanalysen har vore å medverke ulike brukarar av sentrum. Medverknadsopplegget har vore direkte retta mot barn og unge. Ungdomsrådet har med hjelp frå kommunen hatt eige opplegg på ungdomsskulen og vidaregåande. I tillegg har ulike brukargrupper blitt oppmoda spesielt til å kome med innspel. Gloppen kommune si nettside og Firda tidend. Det vart og heldt framtidsverkstad med innbyggjarane. Saman har ein fått inn ei rekke innspel som er eit viktig grunnlagsmateriale for arbeidet.



MEDVERKNAD BARN OG UNGE

Eit særskilt fokus i medverknadsarbeidet har vore retta mot born og ungdom. Born på Nordstranda- og Sandane barneskular, Gloppen ungdomsskule, Firda vidaregåande skule og Ungdomsrådet har vore med og fortalt korleis dei trivast på Sandane, og korleis Sandane sentrum fungerer/fungerer ikkje for dei. Borna har både uttrykt seg via samtale, gjennom å lese og teikne inn i kart, og med teikningar som illustrerer kva dei gjer på Sandane på fritida.

Frå arbeidet kjem det fram at ungdommane er veldig nøgd med staden sin, og det er Trivselshagen som vert nemnt som den store og kjekke møteplassen. I sjølve sentrum er ungdommane heller lite. For sentrum etterspør ungdommane mest diverse klesbutikkar, kaféar og plassar å kunne grille/opp halde seg i lag på sommarstid. Hos borna på mellomsteget, er det spesielt skateparken som vert mest framheva som ein plass dei likar å vere. Her treffest dei, og born som hører til Nordstranda skule syklar ned hit for å møte andre her. Dei etterlyser leikeplass i sentrum og meir natur.

Borna på Sandane barneskule, hadde hatt ei byvandring like før medverknadsopplegget, og var såleis litt ekstra budd på kvalitetane sentrum hadde/ikkje hadde. Av negative moment dei drog fram, var gamle Sandane hotell eitt av dei. I tillegg meinte dei at sentrum nokre stader såg litt sjuskete ut, fleire hus mangla maling, og hadde sprekker i veggane. Nokre butikkar/lokale var stengt ned, og det likte dei ikkje. Av positive ting, drog dei spesielt fram den kjekke skulen sin. I tillegg blei kafeane, som til dømes Bakaren og Mona Lisa spesielt trekte fram.

Både borna og ungdommane nemnde Heradshuset og Gloppen hotell som det dei var mest stolte av i sentrum. Dette syner at born og ungdom har eit forhold til det historiske biletet på Sandane.

I tillegg var alle funksjonane i Trivselshagen trekte fram. Borna fekk og spørsmål om kva dei ynskte at tilreisande skulle få oppleve, som ikkje hadde vore på Sandane før. Med unntak av «middag på Gloppen hotell», var det helst område utanfor sentrum dei ville synne fram. Døme er bading på Sørstranda, Gjølet og Holevikjekta.



MEDVERKNAD INNBYGGJARANE

Framtidsverkstaden gav innbyggjarane mogelegheit til å engasjere seg i sentrum, ved å fremje sine og andre sine interesser og behov. Ikkje minst fekk innbyggjarane sitje med kvarandre, og drøfte ulike løysingar for kva som skapar eit godt Sandane sentrum. Møtet var todelt; først presenterte Norconsult prosessen til no, og ulike prinsipp for stadutvikling: Kva skapar attraktivitet? Kva må fungere? Korleis fungerer eit sentrum? etc. I den andre delen av møtet var det deltararane sjølv som fekk bryne seg på sentrum; lufte idéar, kome med forslag, stille spørsmål til andre og teikne inn gode sentrumsløysingar på kartet. Resultatet fekk vi med i det vidare arbeidet, som eit viktig grunnlagsmateriale, tufta på lokal kunnskap, behov, ynskjer og interesser.



Bilete 2: Frå framtidsverkstaden på Sandane, oktober 2014

3

TETTSTADFORMING OG SENTRUMSUTVIKLING

For å skape eit godt sentrum, er det mange faktorar som skal vere på plass, og fungere i lag. Ofte snakkar ein om ei 3 delt attraksjonskraft; mellom fastbuande, tilreisande og næringslivet. Dei fastbuande har trøng for å treffe kvarandre, og nye menneske. Tilreisande har det same behovet, men har også forventninga om å oppleve noko nytt. For næringslivet er staden attraktiv dersom miljøet genererer folk og aktivitet.

Ofte er stadane i konkurranse om å få nye innbyggjarar. Men også i konkurranse om næringsetableringar, og ikkje minst den gode arbeidskrafta. Difor er det viktig å ha eit samarbeid mellom fleire, fordi stadutvikling er ikkje noko einskilde kan skape aleine. Å kjenne tilhørsle til ein stad, er difor viktig for at folk sjølve skal ta initiativ, og vere aktive for å oppnå og utvikle omgjevnaden sin.

Eit sentrum er avhengig av å vere robust. Klarar staden å møte nye tider, men samstundes ta vare på det tradisjonsbundne, og framheve kva som er identiteten? Det handlar om fleire ting som ein kan forklare via ei todeling; 1) Fysisk utforming og 2) Omdøme

1- FYSISK UTFORMING

Den fysiske utforminga er viktig for å forstå staden, eller sentrum. Det handlar om korleis fastbuande trivast, og ser behovet for å bruke sitt sentrum. Samstundes handlar det om korleis tilreisande opplever det. Kvar skal ein bevege seg? Korleis er det skilta? Kva forstår eg av staden når eg ruslar gjennom sentrum?

Den fysiske utforminga handlar og om korleis den er lagt til rette for ulike typar brukarar. Kan born trivast i sentrum? Er områda trygge? Er sentrum universelt utforma? Legg sentrum til rette for aktiv folkehelse?

Til sist må funksjonane faktisk fungere. Er det tydeleg kvar vi skal parkere? Kor lenge vi kan parkere? Opplever dei mjuke trafikantane same trafikktryggleik som bilstane?

2- OMDØME

Omdøme handlar i første rekke om samanhengen mellom korleis staden ynskjer å framstå, og korleis staden blir oppfatta av omgjevnadene. Omdøme kan gjerne henge sammen med den fysiske utforminga, døme kan vere lys, veg- og gateutforming etc. Men ofte er identitet, kvalitet i tilbod, arrangement og medieoppslag med på å forme omdøme til staden.

3.1 NATURLEGE FØRESETNADER FOR STADEN

Sandane sentrum utgjer avslutninga av eit dalføre som endar i eit slettelandskap i Gloppefjorden. Landskapsrommet er tydeleg avgrensa av åssidene, som vert avslutta i eit gjøl. Gjølet består av elve- og bekkavsetningar, som er avgrensa av skrentar på overgangen til breelvavsetninga, som går vidare inn over dalen mot nordaust. Sandane sentrum ligg delvis på fyllmassar, nedunder fjell med eit skrinnt dekke av torv og myrmasse. Sandane ligg godt verna for vinteren sin vestavind i ei sidegrein av Nordfjord (K. Monnet 1996).



Bilete 3: Sandane sett frå Utsikten i Fjellbygda, foto C. Hill, 2008

3.2 HISTORISK UTVIKLING AV STADEN

Sandane har tradisjonelt vore ei landbruksbygd, med gardsbruk spreidd utover heile dalen. Dei eldste nausta i fjøra er frå 1800 talet, og er i dag med på å syne litt av historia Sandane ber på.

Mot slutten av 1800-talet veks Sandane fram som ein liten tettstad. Ei avgjerande drivkraft bak all omdanning og utvikling på Sandane kring starten av 1900-talet, var den sterkt intensiverte vegbyggingsaktiviteten frå 1880-åra. Som viktig knutepunkt, blei etablering av eit offentleg skyss-samband mot slutten av 1800 talet ei viktig endring for Sandane. Vognmenn med hest og kjerre, og seinare rutebilar, organiserte skyss på vegstrekninga Sandane – Vadheim.

I samband med vegframføring til glandene, og ikkje minst vegsamband frå Sandane til Vadheim vaks fleire næringar fram. Allereie i 1846 var det hotelldrift på Sandane, Sivertsens hotell, som dei første 20 åra var skysstasjon, og hotell seinare. Rundt århundreskiftet har Sandane to hotell og fleire servicefunksjonar. Gloppeelva, og fiske etter laks og sjøaure gav grunnlag for hotelldrift på Sandane allereie på midten av 1800-talet. Tilreisande frå England søkte fiskelykke her, og Gloppe kunne smykke seg med å vere ein av dei beste fiskestadane i Noreg. I dag står Gloppe hotell på same tomta som Sivertsen hotell, og er eitt av dei eldste i fylket. Gloppe hotell vart bygd mot slutten av 1800-talet, og har vore både eit landemerke, og eit viktig bindeledd for reisande i regionen både før og seinare.

Industrietablering rundt 1900, med ullspinneri og meieri, gav viktige arbeidsplassar, og bidrog til tettare busetnad i sentrum. Seinare etablerte ei rekke verksemder knytt til pelsdyrbransjen, både produksjon av pels, og framstilling av skinnprodukt.

Vidaregåande skule, den gong gymnas og realskule, har vore på Sandane sidan 1920-talet. Det har vore med på å gje Sandane impulsar utanfrå, med tilflytting av både lærarar og elevar andre stadar i frå.



F
Bilete 4: Soga om Gloppen og Breim. 2: Frå om lag 1800 til vår tid
L

ANHISTORIA

Rundt århundreskiftet tar strandstaden, Sandane, form, og kan etter kvart kalle seg ein tettstad. Den første reguleringsplanen vart utarbeidd i 1938. Nokre år seinare (1941) vart den første skissa av eit nytt bysenter teikna. Desse skissene og planhistoria vidare vert utdjupa nærmare i Monnet sin stadanalyse for Sandane (1996).

Den stadfesta reguleringsplanen frå 1950 syner eit fokus mot det urbane, som legg til rette for eit velordna bysamfunn. Heradshuset (1956) og banken (1958) vitnar om tanken om å etablere eit bysentrum. Seinare kom den raude lauparen forbi heradshuset (xxxx). Andre urbane forslag i planen, som dampskipskai, hageby i sentrum, bypark etc. er ikkje gjennomført.

I seinare tid har kaiområdet mista mange av funksjonane sine. Det er ikkje lenger skipstrafikk, og trafikknutepunktet utgjer rutebilsstasjonen til Firda billag. Store delar av kaiområdet er brukt enten til oppstilling av bussar eller parkeringsareal.

På Åsen vaks det fram bustader med om lag 100 einingar på 60-, 70- og 80 talet. Dette bustadfeltet ligg tett på sentrum.



Figur 5: Sportsfiskarar utanfor Sivertsen's hotell. Kjelde: www.gloppenhotell.no

PLANHISTORIA TIL SANDANE		
ÅR	PLAN	FOKUS
1938	Reguleringsplan sentrum, Chr. Vestrheim og R. Knoff	Sambandet mellom bryggene og Øvregata.
1941	Skisse; Bysenter Sandane, G. E. Bonde	Boulevard mellom Heradshus og bank. Tyngdepunktet flytta frå dampskipskaia til molo.
1944	Skisse; Forenkla bysenter, G. E. Bonde	Strandpromenade, busshaldeplass midt i boulevarden. Tre er teke i bruk som byformingselement.
1950	Reguleringsplan sentrum, G. E. Bonde.	Bustad som hageby, kvartalsoppdeling, rutebåtkai, rutebilstasjon, torg og store offentlege bygg. Heradshus og bank. Akse mot sportsplass. Urbanisering.
1960	Reguleringsendring	Reguleringsendring - av strandområdet syd for boulevarden → til industriområde. På planen for flytting av rutebilstasjonen er det innteikna eit nytt parkeringssystem og strandpromenade med grøne kantar og ordna tilhøve for køyrande og gåande.
1980	Utviklingsplan for Sandane, ark. David Brand.	Fortetting av Sandane sentrum på sjøsida, med forretningar og bustader og samfunnshus på ei fylling sørvest for industribygga. Fortolking av sveitserstil

1993	Plan for strandsona i sentrum; Leivestad og Kjær.	Firdavegen lagt sør for Firdatun og i ein sving inn i Kråna for å ende i ein velordna parkeringsplass. Langs sjøen er det anlagt to parkar. Framfor Heradshuset er ein torgplass.
1996	Stadanalyse for Sandane sentrum, Karen Monnet.	Avklaring av potensial for Sandane sentrum, og for å få greie på kva vilje som er tilstades til å oppruste og utvikle sentrum med perspektiv at riksvegen leier trafikken utanom.

Tabell 1: Oversikt over planhistorikken til Sandane sentrum. Store delar av planmaterialet i er ikkje fylgd opp i praksis.

3.3 AREALBRUK I SANDANE SENTRUM

Sentrumsområdet er avgrensa av den grøne Engesetåsen i nord. Parallelt med åsen og fjorden går E39 høgt i terrenget og nede ved fjorden ligg Nordstrandsvegen med tett småhusutbygging nede. I nordvest vert det flate landskapet vidare og der møter den tette utbygginga landbruksareal eit lite industriområde og ei småbåthamn. I sør møter sentrum Åsen, ein lågare og mindre ås med tett småhusutbygging. Sjølve sentrumsflata er eit delta der Holvikelva renn ut i Gloppefjorden. Tettstaden er avgrensa av fjorden i vest og mot aust av Gjølet med friluftsmuseet og det slake jordbrukslandskapet i daldraget opp mot Breimsvatnet.

Arealutnyttinga på tettstaden har ei tydeleg inndeling. Det historiske sentrumsstroket med butikkar og tenestetilbod følgjer den austre enden av Nordstrandsvegen og Grandavegen. Sjølv om mange av bygningane er av nyare dato, skriv situasjonen seg frå den tida då publikumsretta aktivitetar vart lagt til gatehus organisert om gjennomfartsåra. Eit nyare sentrum er etablert på den delvis utfylte flata mellom Nordstrandsvegen i nord og Holvikelva i sør. Her er det rom for større bygningar og fleksibilitet for utvidingar og tilpassingar av bygningsmassen. Romslege uteareal gjev enkel tilkomst, parkering og varelevering og gjer det mogleg med utelagring. Bygningsstrukturen i Nordstrandsvegen gjev ikkje same fridomen for endringar, men kan til gjengjeld tilby eit tydeleg byrom og korte avstandar for gåande. Den raude løparen og det tilhøyrande breie plassrommet dannar overgangen mellom dei to sentrumsområda. Bakken i Grandane har innslag av historisk gateutbygging, medan Firdatun, Heradshuset og banken er frittliggjande monumentalbygningar frå tidleg etterkrigstid. Sandane Senter er relativt nybygd. Forretningsbygga i Firdavegen aust for Sørstrandsvegen inngår i denne samanhengen og her er Firdavegen ei latent forlenging av Heradspllassen og den raude løparen.



Figur 6: Den raude lauparen frå Heradshuset mot Gloppefjorden

Bustadområde nede på flata rett aust for sentrumskjernen og i dalsida i sør aust, inngår i eit større sentrumsområde. Her ligg også vidaregåande skule og ungdomsskule saman med kultur- og idrettsbygg i Trivselshagen og barneskulen litt lenger aust. Nordhellingsa på Åsen utgjer ein grøn vegg i sør likeins som den, rett nok brattare og høgare, skråninga i nord.

Det flate området mot fjorden mellom elva og den raude løparen har tidlegare vore nytta til industri, lager og næring som ikkje er publikumsretta. Området er svært sentralt og vil vere godt eigna som eit framtidig sentrumsområde med godt handlingsrom for etablering av arbeidsplassintensive verksemder og tenester/handel med mange besøkande. Eldre arealplanar har utsett strandsona langs Nordstrandsvegen til industri. Med dagens arealtrong for slike verksemder verker det ikkje lenger aktuelt og dersom det er trond for å finne grovare næringsareal i nærlieken av sentrum kan det vere rett å vurdere Utstillingsplassen og nærliggjande jordbruksareal. For ei god arealutvikling vil det vere ønskjeleg å skilje mellom publikumsretta og arbeidsplassintensive næringar i sentrumskjernen og arealkrevjande verksemder i utkanten. Eit levande sentrum vil også avhenge av eit variert bustadtibod. Det er mogleg å bygge leilegheiter i kombinerte sentrumsbygg heilt i hjartet av sentrum og det er arealressursar til svært sentrumsnær fortetting mellom Gotevegen i sør, og Breimsvegen i nord.

Delområde i sentrum:

-  Historisk knutepunkt
-  Utvida sentrum
-  Hagar i sentrum
-  Kulturgrunnlaget
-  Grøn innramming
-  Naturgrønt



SENTRALE ENDRINGAR BØR VURDERAST UT FRÅ DAGENS SITUASJON

- Effektivisering av arealbruken ved bussterminalen, ny terminal med mogleg utbygging til sentrums- og bustadformål.
- Vurdering av gatenett på Grandane, tverrforbindelsar, grøn utforming, designgrep for kopling mellom raud løpar og Firdavegen aust for Sørstrandsvegen opp mot Trivselshagen.
- Effektivisering av parkeringsareal for forretningar og næringsdrivande i sentrum.
- Innpassing av bustader i sentrumsutbygging på Grandane, byggjehøgde, uteareal og parkering
- Vern eller utbygging ved gardshusa i Teina (regulert til offentlig byggjeformål)
- Vern og utforming av friområde ved utløpet av Holvikelva, revurdering av ny bustadbygging her.


3.4 FUNKSJONELLE SAMANHENGAR

Sandane sentrum har eit tydelig veggierarki slik gjennomfartstrafikken langs E39 no går utanom tettstaden. Fylkesveg 615 med Breimsvegen og Sørstrandsvegen utgjer saman med fylkesveg 700 Nordstrandsvegen hovudårer for meir lokal gjennomkjøring. I sentrumskjernen har begge vegane preg av ein bymessig gatesituasjon der bygningane dannar veggar langs vegen. Truleg er Nordstrandsvegen ein eldre struktur og difor er gaterommet trongare her. Grandavegen fungerer som ein intern gjennomkjøring mellom Sørstrandsvegen og Nordstrandsvegen.

Breimsvegen frå E39 til sentrum har god utforming og eigen gang- sykkelveg langs heile strekninga. Sørstrandsvegen frå sørvest og Nordstrandsvegen frå nordvest manglar begge to eit godt tilbod til gåande og syklande. Inne i sentrumskjernen er det tosidig fortau langs Nordstrandsvegen og stort sett einsidig fortau langs Sørstrandsvegen og Grandavegen. Delar av Sørstrandsvegen og starten på Firdavegen frå Sørstrandsvegen har tosidig fortau. Resten av gatenettet i sentrum er vegar med liten trafikkbelasting og det verkar ikkje som eit stort problem at dei er utan fortau.

Innfartane til sentrum frå sørvest og nordvest, Sørstrandsvegen og Nordstrandsvegen, har låg standard, særleg med tanke på mjuke trafikantar. Med omsyn til trafikktryggleik, ser det ut til å vere ein betre situasjon inne i sentrum.

Sjølv om delar av sentrum har eit grønt preg, manglar det gode grøne gangsamband heilt inn i og gjennom sentrumskjernen. Teina og Gota er vegar med lite trafikk og grøne omgjevnader som knyter skular og kultur- og idrettstilbod inn mot sentrum, men utan at den grøne karakteren når heilt ned til Grandane. Sør for sentrumsflata, ved elveutlaupet, ligg strandsona med fint utsyn over fjorden men utan kopling til sjølege senterområdet. Sjølege elvelaupet kan vere utgangspunkt for ein sentrumssti i blågrønt miljø. Med eksisterande utbygging tett på, verkar det mest sannsynleg at ein slik sti kan oppnå nærliek til elva på einskilde stader.



Figur 7:Barneteikningar frå skulane på Sandane i samband med medverknadsarbeidet

Funksjonelle samanhengar:

- Forlenging av den rauda løuparen opp Firdavegen i ei eller anna form.
 - Gangsamband med grønt preg
 - Vegnett på Sandane
- Stipla linje betyr forslag til framtidig trasénett.



Figur 8: Funksjonelle samanhengar i Sandane sentrum

SENTRALE ENDRINGAR BØR VURDERAST UT FRÅ DAGENS SITUASJON:

- Vidareføring av miljøgateprosjektet i Nordstrandsvegen med, innpassing av punktvis treplanting og møblering
- Opprustning av plassrommet langs den rauda løuparen og ei forlenging opp Firdavegen
- Tosidig fortau langs Sørstrandsvegen i sentrum
- Ny organisering av parkeringsareal for forretninger og kontor i sentrum, i større grad basert på felles bruk og forvalting
- Forlenging av gangveg / strandpromenade rundt Helsehuset og Rema
- Grønt gangdrag langs Grandavegen fra raud løpar på bru over elva til friområdet ved elveutlaupet
- Opprusting av gågata i Grandanebakken.
- Grøn samankopling frå Teina rundt Domus til Grandavegen.
- Elvesti langs Holvikelva der stien kan følgje elva så langt råd. Utforming kan vurderast i samanheng med eventuelle flaumtiltak og ved tiltak ved Teina eller ved Trivselshagen.

3.5 MØTEPLASSAR OG GRØNSTRUKTUR

Dei naturgitte føresetnadene rundt sentrum, ber preg av små og mellomstore landbruksareal, hus med hagar opp over åssida, turvegar som strekk seg opp på fjellet, skogsområde eit steinkast frå sentrumsskulen, vatn og Holevikselva som slyngar seg nedover og gjennom sentrum og Gloppefjorden som møter land på Sandane. Naturskjonne omgjevnader i fleng, berre ein tar tak i dei, og nyttar dei i eit endå betre sentrumsområde på Sandane.

Sandane sentrum er i dag dominert av asfalt, med store parkeringsflater. I stadanalysen for Sandane frå 1996 skriv K. Monnet følgjande: «Sentrum verkar trøysteslaust og inviterer ikkje til omsorg og stell, men kun til rot og rask». På grunn av dei store flatene, med udefinerte liner og struktur, kan opplevinga for mjuke trafikantar vere uryddig, og gjere ferdsel for gåande usikker. Mangelen på grønt i sentrum gjev og utfordringar i høve luftkvalitet, og avvekslende lys- og skyggeverknader. Fråveret av sanselege kvalitetar, som grøntområde gjev, forsterkar inntrykket av at sentrum er ein utriveleg stad å vere (K.Monnet 1996).

Men Sandane er ein triveleg stad å vere. Situasjonen har og betra seg, med den raude lauparen – frå no kalla «boulevarden». Likevel er det framleis parkeringsplassar, harde overflater og bilar som rår. I sentrum er få tydelege stader der ein ønskjer å opphalde seg eller kan møte andre, noko som gjev staden eit mangelfullt uttrykk. Men mange av dei naudsynte kvalitetane finnast, berre ein tar grep om dei og syner dei meir fram.




GRØNTOMRÅDE

Det nærmeste ein kjem ein samanhengande grønstruktur i Sandane sentrum er aksen frå naustrekka på strandområdet, via hotellet og til og med Teina. Gotavegen har og visse grønkvalitetar og bør nemnast her, men denne grøne aksen ligg på mange måtar «på sida» av sentrum, og er i stor grad privatisert. Med Holevikselva fylgjer det og med noko grønt, men denne grønstrukturen er verken bevisst planta, eller særleg synleg.


I enden av boulevarden, ved Gloppefjorden, finn ein eit lite, men tilrettelagt grøntareal. Plassen er ei forlenging av den rauda boulevarden, og inviterer, med ei lita trapp, til kontakt mot sjøen og Gloppefjorden. Dette er ein kvalitet som hevar den nordlegaste delen av sentrum, og som knyter staden og aktivitetane der til sjøen.

På grunn av nærleik til veg med gjennomkøyringstrafikk, og fordi området er så lite, er ikkje dette eit typisk rekreasjonsareal.



Figur 9: Lita trapp frå promenaden i sentrum, ned mot sjøen

Boulevarden stoggar brått i Sørstrandvegen, i andre enden, men Boulevarden har potensial til å verte dritt i ei eller anna form vidare opp Firdavegen, nettopp for å knytte ulike delar av sentrum meir saman. Tettare kontakt mellom sentrumsområdet og skulane/Trivselshagen vil gje eit meir kompakt og aktivt sentrum. Fleire bustadhus med velstelte hagar gjev sentrum grøne kvalitetar og eit triveleg småbypreg.



Figur 10: "Boulevarden", og kalle den rauda lauparen.

HISTORISK SENTRUM

Å vandre gjennom sentrum, og samstundes kunne «lese» eller forstå historia til staden er ein kvalitet. Dette krev at dei historiske områda, eller bygningane er tilgjengelege. Sandane har fleire slike historiske bygg, til dømes Gloppen hotell, gamle Sandane hotell, Heradshuset, naustrekka ved stranda, gamle gymnaset, Gloppebua, gårdsbusetnaden på Teina og andre enkeltbygg. Gatelaupet i bakken opp mot Nordstrandsvegen har og ein historisk verdi. I tillegg kan «restar» av landbruksområde i sentrum vere med på å syne staden slik den ein gong var. I tillegg kjem at kulturlandskapet rundt Sandane sentrum også inneholder kulturmiljø som Nordfjord folkemuseum, i forlenging av Trivselshagen, og kulturminne som Holevikjekta og den gamle mølla i Nordstrandsvegen.

Synleggjering av desse kvalitetane krev at ein ser dei i samanheng, og utviklar sentrum med fokus på å gjere dei meir tilgjengelege. Om ein til dømes fortel historia om dei ulike bygga og stadane ved skilting, og gjev aktivitet til område mellom dei, gjer det desse kvalitetane meir funksjonelle og interessante. Ved slike tiltak kan Sandane stå tydelegare fram som ein kulturarena ikkje berre i Gloppen, men for heile regionen.



Figur 11: Restar av eldre landbruksareal i sentrum. Ei steintrapp frå gamal tid, bak Heradshuset.

AKTIVITET

Ei viktig side ved ein tettstad er å møte andre, sjå andre, eller sjølv bli sett. Møteplassar som fungerer godt er difor viktige å oppretthalde, fordi dei er med på å gje opplevinga av å høyre til ein stad. Nokre møteplassar heng saman med bestemte servicefunksjonar som bussterminal og kaféar, medan andre møteplassar bør vere utan kommersielle interesser og ha sin eigen aktivitet eller ro og fred. Der det manglar møteplassar bør ein legge til rette for nye, ut frå prinsippet om at dei og skal vere tilgjengeleg for alle.

Møteplassane i sentrum er på mange måtar udefinerte. Benkane på Heradspllassen er tilfeldig plasserte, nokre vender ut mot Gloppefjorden, medan andre vender seg mot Heradspllassen. Rutebilstasjonen er eit viktig knutepunkt, og møteplass, men ber med seg heller få sosiale kvalitetar.

Sentrum på Sandane manglar møteplassar for born, der foreldre med mindre born møtast. Dette er ofte ein kvalitet som generelt vert trekt fram av unge nyestablerarar i små lokalsamfunn. Møteplassar i form av park, leikeområde, klatrepark, badestrand etc. kan vere med på å gje staden meir liv og røre, både på ettermiddagstid og i helgar. Døme på korleis ein kan dra historia til staden med seg vidare i slike anlegg, kan til dømes vere å lage ein kopi av Holevikjekta som klatrestativ.

Handel er ein viktig drivar for etablering av gatestruktur og nye møteplassar, og heilt naudsynt om sentrum skal leve og vere ein sosial arena. Strukturen i sentrum bør difor invitere til handel og servicefunksjonar tett på folk. Næringslivet er ein viktig medspelar for å generere aktivitet og attraktivitet.

SENTRALE ENDRINGAR BØR VURDERAST UT FRÅ DAGENS SITUASJON:

- Kople saman historia til staden med opplevinga
- Gje sentrum direkte sjøtilgang for brukarar
- Utvide rekreasjonsareal i enden av boulevarden
- Legge til rette for frilufts- og rekreasjonsareal sør for Holvikelva, og knytte saman dette området med resten av sentrum
- Vurdere kvar dei uformelle møteplassane skal vere, kvar er det trong?
- Vurdere møteplassar for alle aldersgrupper.

3.6 VER-VARSAM OMRÅDE

I Sandane sentrum finst nokre miljø med kvalitetar det er viktig å ta omsyn til. Vi har trekt fram fire særskilde område som «vervarsam» område.

1) Aksen frå naustområdet, til Gloppen hotell, eit heilskapleg område med naturinnslag som elva og fjøra og kulturinnslag i innmark og hage. Området har historisk verdi og strekkjer seg frå naustområda sør for sentrum, og tek med seg aksen over det eldre gardsbruket opp mot Gloppen hotell.

2) Firda Gymnas. Skipa i 1922 på Sandane.

3) Heradspllassen. Heradspllassen inkludert Heradshuset, bankhuset, Gloppebua og det tronge smauet frå Grandaflata opp mot Nordstrandvegen har verdi som kulturmiljø frå to historiske tidspunkt. Grandanebakken med tett gateutbygging skriv seg truleg frå førre århundreskifte, medan bygningane rundt Heradspllassen er tydeleg organisert om den opne plassen. Alle dei tre husa her er typiske representantar for ein forsiktig monumentalarkitektur frå dei første tiåra etter andre verdskrig.

4) Teina. Restar av landbruksareal i sentrum frå eldre tid. Her står det oppført eit bustadhus, eit stabbur og ein driftsbygning. Bygningane er frå midten av 1800 talet.



3.7 STERKE SIDER VED SANDANE SENTRUM

For å skape eit betre Sandane sentrum, er det viktig å fremje dei kvalitetane ein i dag allereie har. Vi har kalla dei «sterke sider» for Sandane sentrum. Desse kvalitetane er viktige å bygge vidare på, og formidle i utviklinga av sentrum.

SKULESTAD FOR REGIONEN

Sandane er i dag først og fremst kjent for Firda vidaregåande skule, og dei aktivitetane og det miljøet som fylgjer med der. Her har Sandane fått friske impulsar utanfrå i ei årrekke, både frå tilflytta lærarar og elevar. Elevmiljøet på Sandane har eit godt renommé, det same har skulen. På Sandane er det og eit særskilt godt utvikla kultur- og idrettstilbod. Trivselshagen er blitt ein viktig del av dette tilbodet, med symje- og badeanlegg, kinosal, kultursal og fleire innandørs og utandørs anlegg for ulike idrettar og aktivitetar.

KULTURHISTORIE

Sandane ber på mykje historie, og vart tidleg forma til ein tettstad. Fleire historiske bygg og område ligg framleis i sentrum, og vitnar om kva Sandane ein gong har vore. Noko av det ein kan trekke fram er tidlegare tiders gardsdrift på elveflata og nausta ved stranda, hotelldrift på 1800-talet, Holvikjekta frå handelstrafikken på slutten av 1800-talet, Gloppe mølle og gymnaset frå dei første tiåra på 1900-talet og vår nærmere historie med sentrumsutbygginga rundt Heradspllassen.

GANGAVSTAND TIL ALLE SENTRUMSFUNKSJONAR

Sandane har fordelen av eit tett og kompakt sentrum, der ein har gangavstand til alle naudsynte funksjonar. At Firda vidaregåande skule og Trivselshagen ligg i sjølve sentrum, gjer at ein lettare kan generere aktivitet i hjartet av tettstaden.

TETT PÅ FJORD OG FJELL

Sandane sentrum er lokalisert inst i Gloppefjorden, med nærleik til grøntområde og fjell. Desse kvalitetane ligg tett på sentrum, og er ein viktig del av identiteten til staden. Å utvikle sentrum med å bygge opp under desse grønkvalitetane vil gje sentrum eit meir tiltalande visuelt uttrykk, og gjere staden meir attraktivt for alle brukarar.

NORDSTRANDSVEGEN

Nordstrandsvegen er på langt veg rusta opp. Ei fortetting her av butikkar og kaféar gjev området ein kvalitet, og ei sentrumskjensle. For å auke potensialet her, bør Nordstrandsvegen koplast tettare i lag

med den nordlege delen av Sørstrandsvegen, der butikkane held til. Dette vil vere med på å binde sentrumsflata i lag med butikkområdet. Meir vegetasjon, møteplassar i form av benkar og bord etc kan vere med på heve kvalitetane ytterlegare.

3.8 SVAKE SIDER VED SANDANE SENTRUM

Sandane sentrum har og nokre svakheiter, som kan utbetrast. Nedanfor har vi sett lys på kva sider dette er.

FOR FÅ UFORMELLE MØTEPLASSAR

Sandane sentrum inviterer ikkje til at ein oppheld seg der, om ein ikkje har eit bestemt ærend i bank, butikk, kafé osv. I tillegg er sentrum ope, med store parkeringsflater som gjer det delvis utriveleg å vere der. Parkeringa manglar fleire stader inndeling og klåre gangruter og gjer sentrum trafikkfarleg for born.

PÅ BILISTANE SINE PREMISS

I tillegg til at store delar av sentrumsarealet er dominert av parkering, er sentrum og uoversiktleg. Det er få skilt som viser veg, og det er ikkje intuitivt kvar verken Trivselshagen eller handlegata er. Manglande samanheng mellom bygg og funksjonar gjer og at ein «mistar tråden i sentrum», og ein blir usikker på kvar ein skal gå om ein ikkje er kjent. Gang- og sykkevegar er nedprioriterte.

BUSSTASJONEN TEK FOR MYKJE VIKTIG SENTRUMSAREAL

Vaskehall, lager og bussoppstillingsplass høyrer ikkje heime i eit pulserande sentrum. Bussterminalen i seg sjølv er eit viktig knutepunkt i sentrum, men tilhøyrande funksjonar, som ikkje er retta mot publikum, høyrer til utanfor sentrumskjerna.

HANDLEGATE MED LITE FOKUS PÅ MILJØ

Frå Sørstrandsvegen ved banken, og nordover mot Nordstrandsvegen har handlegata få miljøfunksjonar, som grøntareal, med møteplassar og trivselstiltak.

UTVIKLING AV TO FRAMTIDSBILETE FOR SENTRUMSOMRÅDET PÅ SANDANE

Sentrumsanalysen skal, ut i frå målsetjinga i kommuneplanen for Gloppen, peike ut moglege utviklingsretningar for kommunesenteret slik at sentrum vert styrka som handels- og kulturarena. På Sandane er det store areal i sentrumsområdet som kan nyttast meir intensivt. Framtidsbileta vil difor synleggjere dette, basert på målsetjinga i prosjektet.


Framtidsbileta byggjer på medverknadsprosessen vi har hatt, registreringsarbeid, lokal kunnskap og faglege vurderingar. Framtidsbileta er ulike, men har i meir eller mindre grad fokus på dei same kvalitetane Sandane har:

- **INFRASTRUKTUR:** Byggje vidare på dagens infrastruktur, og at denne dannar grunnlaget for den nye. Men fokus i framtidsbileta legg til rette for ein bystruktur på menneska sine premiss, ikkje bilistane slik det er no.
- **BUSTAD OG GRØNT:** Byggjer vidare på dei kvalitetane som Sandane allereie har med småskala bustader med små grøne hagar, og grøne restareal.
- **ELVA SITT MØTE MED FJORDEN:** Syne fram elvelaupet meir, ved strandområdet i sentrum. Opne meir opp for ålmenta.
- **GATESTRUKTUR:** Bryte opp dei store asfaltflatene i sentrum, med bustader, næring og grøntareal.
- **TURSTI:** Synleggjere elva, og opne opp for stiar og grøntareal i sentrum
- **FJORDEN INN I SENTRUM:** Trekke fjorden inn i sentrum, og bruke denne som eit formelement. Hus og vegar er orientert mot fjorden og kaifronten.
- **MØTEPLASSAR:** Skape møteplassar og gode gangsoner i det urbane miljøet. Stimulere til lengre opphold i sentrum, og dermed og styrke kjøpekrafta og trongen for beverting og underhaldning.
- **ATTRAKSJON:** Gjere Sandane meir attraktiv, slik at folk stoggar der, eller reiser dit for å oppleve staden som ein attraksjon med dei kvalitetane som er der.



4.1 FRAMTIDS BILETE MED FOKUS PÅ HANDEL, NÆRING OG BUSTAD I SENTRUM

Skissa nedanfor syner framtidsbilete med fokus på handel/næring og bustad i sentrum.



Med siktemålet å prioritere sentrumsfunksjonar som handel, kontor/ service og bustad i det mest sentrale sentrumsområdet, er det aktuelt å vurdere følgjande grep:

- Den sentrale delen av Nordstrandsvegen er ei viktig sentrumsgate med konsentrasjon av mange publikumsretta tilbod. Her er det ikkje planmessige avklaringar det viktigaste for oppretthalde stroket. Her vil det i større grad vere aktuelt med mindre tiltak og enkelprosjekt for å vidareutvikle ei attraktiv sentrumsgate:
 - Møblering for leik og opphold på utvalde stader
 - Vegetasjon og lyssetjing på enkelte punkt
 - Opprusting av gågata i bakken i Grandavegen kan vere eit delprosjekt
 - På sentrumsflata er det aktuelt å gje rammer for eit bymessig område med tomter/byggeområde definert av gateløp.

- o Grandavegen definerast som ei bygate og dette vert understreka med ny utbygging der fasadane følger gata. Ei enkel eller dobbel trerekke kan understreke gata som byrom.
 - o Det vert etablert underordna tverrgater vinkelrett på Grandavegen og kafronten. Også desse kan ha trerekker.
 - o Parkering kan i større grad leggjast bak bygninga slik at dei større biloppstillingsareala ikkje svekkjar tydelege offentlege rom. Mindre kapasitet vil avhenge av felles bruk og forvalting.
 - o Bussterminalen kan effektivisere arealbruken og snuplass og perrongar kan plasserast slik at dette vert omkransa av nybygg. Ikkje-publikumsretta verksemder kan flyttast til mindre sentrale areal.
 - o Framtidig trøng for parkering bør vurderast. I ei slik utgreiing kan ein vurdere gradvis reduksjon i bakkeparkering, etablering av parkeringshus og noko mindre sentral langtidsparkering.
- For å kople saman aktivitet og tilbod ved skulane og i Trivelshagen kan det etablerast tydelegare og delvis nye gangliner og grøne aksar.
 - o Frå den rauda løparen via Firdavegen
 - o Frå sentrumsflata langs nordsida av Grandavegen 3 (Elkjøp m fl) opp til Teina
 - o Frå sentrumsflata heilt sørvest via fjøra sør for Holvikelva og opp Gotevegen.
 - o Samanhengen mellom sentrum og nærliggjande bustad- og næringsområde i sør og vest kan betrast om gangstien langs kaikanten vert forlenga i begge retningar.

Utbygginga i skissene under har tre til fire etasjar og utgjer samla om lag 12.000 m² brutto etasjeareal.



Bilete 12: Framtidsbilete med fokus på handel/næring og bustad

4.2 FRAMTIDSBILETET MED FOKUS PÅ BUSTAD OG GRØNT I SENTRUM

Skissa nedanfor syner fokus på bustad og grønt i sentrum.



Fleire av tiltaka og utviklingsgrepa i førre framtidsbilete er aktuelle også dersom sentrum skal prioriterast til bustadformål og grøne areal til kultur, leik og ulike aktivitetar. Vidare opprusting av Nordstrandsvegen og bakken i Grandane inngår også i dette biletet. På same vis er det minst like aktuelt med gode tilknytingar frå sentrumsflata til skulane og idretts- og kulturanlegga i Trivselshagen. Under er lista opp dei særskilde trekk for utvikling av sentrumsflata til bustad og grøne formål:

- Sentrumsflata er prioritert til nye bustader og parkar. Grandanevegen er ikkje lenger gjennomkøyring, men fungerer som tilkomstveg med tilknyting til Sørstrandsvegen. Området er delt av ein open hop der fjorden kjem inn. Bustader av ulike karakter omkransar denne nye vasspegelen på tre sider. Ideen kan gjennomførast i enklare versjonar der hopen heilt eller delvis vert erstatta av eit parklandskap.
 - På sørsida er illustrert blokkmessig utbygging som varierer mellom tre og fire etasjar.
 - Nord for det nye blå innslaget er vist ein hybrid bygningstype som kombinerer rekkehøi og leiegheidsbygg med småhuspreg.

- Aust for hopen og Grandavegen, i samband med ein ny mindre bussterminal, ligg to mindre sentrumshus med næring og bustad.
 - Rema/ Helsehuset speler ei anna rolle i sentrum med nye bustader og delvis grøne uteplassar på taket.
 - Grandaneflata
 - Parkeringsløysingar må vurderast, men truleg er det aktuelt å kombinere bakkeparkering og parkering integrert i bygningskroppane.
- I den kompakte buss- stasjonen vert Grandavegen nytta til snuing og vegen kan også gje rom for bussoppstilling i den travlaste tida.
- To større parkar syt for eit gjennomgåande grønt preg for heile Grandaneflata.
 - Langs med Heradspllassen er det foreslått ein offentleg sentral park, tilrettelagt for leik og aktivitetar, men også med ei kulturscene for større arrangement.
 - Mellom nytt bustadprosjekt og Rema/ Helsehuset viser teikningane ein meir intim roleg park, men også denne er meint å skulle vere tilgjengeleg for ålmeinta.
- I tillegg til koplingane til Trivselshagen, viser framlegget med bustad og grønt meir omfattande grep for nye friområde:
 - Elveutlaupet er utnytta til ein større elvepark. Sør for elva er vist ein større strandpark med areal og utstyr for ulike aktiviteter som strand- volleyball og picnic.
 - Grandavegen er flytta mot nord og slik vert det mogleg å etablere ein grøn samanheng frå fjorden, via elva, til hotellhagen. Ytst på nordsida av elva er det vist ein utstikkar tilrettelagt for badeliv, symjing og stuping.
 - Frå den rauda løparen via Firdavegen
 - Frå sentrumsflata langs nordsida av Grandavegen 3 (Elkjøp m fl) opp til Teina
 - Frå sentrumsflata heilt sørvest via fjøra sør for Holvikelva og opp Gotevegen.
 - For å kople saman sentrum og nærliggjande bustad- og næringsområde i sør og vest kan gangstien langs kaikanten forlengast i begge retningane.

Utbygginga i skissene under har tre til fire etasjar og utgjer samla om lag 8.000 m² brutto etasjeareal, noko som truleg kan gje 60- 80 romslege bueiningar.



Bilete 13: Framtidsbilete for bustad og gront



Bilete 14: Visjonsskisse, perspektiv med utsyn austre delen av dagens rekreasjonsareal i sentrum

5 SMAÅ OG STORE GREP

Å utvikle og bygge opp eit sentrum er ei stor oppgåve som tar mange år. Ei klar målsetjing, med etappevise mål og strategiar er naudsynt for å utvikle staden i den retninga ein ynskjer. Det er og hensiktsmessig å definere kven som har ansvar, når nye tiltak skal gjerast og i kva rekkefølgje.

Ein snakkar om små og store grep. Kva må kommunen gjere? Kva kan frivillige gjere? Kva kan ein samarbeide om, og kven kan samarbeide?

SMÅ GREP

Vi omtalar «små grep» som tiltak der arbeidet og kostnadane er relativt lave, og som gjer staden meir funksjonell på kort sikt. Det er likevel viktig at desse grepa ikkje er motstridande til den langsiktige visjonen kommunen har.

Lista nedanfor skildrar nokre små grep, men den er ikkje uttømmande:

- Fleire skilt mellom sentrumsfunksjonar
- Skilt som fortel historia til Sandane
- Små, ukommersielle møteplassar
- Leikareral

STORE GREP

Vi omtalar «store grep» som tiltak der arbeidet krev meir, og kostnadane er noko høgare enn «små grep». Store grep omhandlar større langsiktige vurderingar om korleis staden skal fungere.

Lista nedanfor skildrar nokre store grep, og naudsynte vurderingar:

- Omfanget til bussterminalen; arealbehov
- Gatenett i sentrum – korleis skal det vere?
- Behov og prinsipp for parkeringsareal
- Behov og utforming for grøntareal
- Tilrettelegging sykkel
- Kva område skal vernast, og kva er greitt for utbygging?
- Sentrumsbustad; prinsipp for uteareal, parkering, storleik

OPPSUMMERING

Sandane har mange kvalitetar som det er verdt å setje lys på. Fjorden, nærleik til naturen og elva er viktige element å byggje vidare på, og fremjar det særeigne for staden. Sandane har og eit aktivt kulturliv, idrettstilbod og skulemiljø. Gjennom Trivselshagen har dette fått meir fokus dei siste åra, ikkje berre for dei heilt lokale, men og for andre i regionen som ynskjer å delta på arrangement eller ulike aktivitetar der. Sandane har og ei historie å fortelje. Denne kjem lite fram i bybiletet i dag, men kan lett synleggjerast.

Det handlar om å skape meir aktivitet i sentrum. For å skape meir aktivitet er ein avhengig av folk som brukar staden i laupet av heile dagen. Ein definert gatestruktur, der fotgjengaren er i fokus har difor vore eit viktig verkemiddel i dette arbeidet. Eit anna viktig grep har vore å legge til rette for bustader i sentrum. Gode uformelle møteplassar, kontakt med naturen og med folk er eit tredje viktig grep.

Med ynskje om å vere ein regional arena for kultur og handel, må ein vidare avgjere kva ein vil med Sandane sentrum, og utarbeide ein stevvis strategi for vidare utvikling. Potensialet ligg der.

